

VEDTEKTER FOR SELJORD FRIVILLIGSENTRAL

Revidert Januar 2023

§ 1. Organisasjon.

Seljord Frivilligsentral vart etablert 22.10.2008, som ei eigen juridisk eining og vil ha arbeidsgjevar-ansvaret for sine tilsette, registrert som foreining i Brønnøysund med org. nr. 993 565 091. Seljord Frivilligsentral skal drivast i samsvar med gjeldande retningsliner for frivilligsentralar og forskrift om tilskot til frivilligsentralar.

§ 2. Formål.

Seljord Frivilligsentral skal bidra til å styrke og koordinere den frivillige innsatsen i Seljord kommune. Den skal vera bindeleddet mellom menneske, lag og organisasjonar som ynskjer å yte ein frivillig ubetalt innsats i lokalsamfunnet. Og vera samhandlingsarena for frivillig verksemd og støttespelar for eit godt og levande lokalmiljø. Den skal også stimulere til auka deltaking av grupper og einskildpersonar som ikkje nyttar andre eksisterande tilbod og vera inkluderande for alle. Frivilligsentralen skal vera pådrivar for å sette i gang tiltak for frivillig arbeid, i samhandling med andre lag og offentlege instansar.

§ 3. Organisering.

Bruktbui, Seljord Røde kors, Seljord idrettslag, Seljord kommune og Seljord pensjonistforeining er dei registrerte medlemmane av Seljord frivilligsentral. Medlemane plikter å vere representert på årsmøte, og skal ikkje ha noko økonomisk krav eller ansvar.

A . Årsmøte

Årsmøte er frivilligsentralens øvste organ. Årsmøte skal haldast innan utgangen av mai månad kvart år med 3 vekers innkallingsfrist. Styre kan kalle inn til ekstraordinært årsmøte med minst 14 dagars varsel.

På årsmøtet skal følgjande saker handsamast

1. Årsmelding
2. Handlingsplan
3. Driftsrekneskap
4. Budsjett for neste år
5. Val av styre
6. Val av valnemnd
7. Andre saker som står på innkallinga. Desse skal vere styrebehandla før årsmøtet.

Medlemane i Seljord Frivilligsentral er røysteføre og har ei røyst kvar ved årsmøtet. Medlemane vel sjølv leiar som har dobbeltstemme ved stemmelikskap.

B. Valnemnd.

Valnemnda skal ha fem medlemmer, og legg fram si innstilling til årsmøte. Valnemnda skal vera samansett av ein representant frå alle medlemmene i Seljord frivilligsentral. Representanten frå kommunen er leiaren i valnemnda. Valnemnda legg fram si innstilling innan 15. mai kvart år.

C. Styret.

Styret skal ha 5 medlemmer og 3 varamedlemmer. Styremedlemmene veljast for 2-to-år av gongen, styreleiar veljast ved særskilt val av årsmøtet for 1 år.

Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar og andre roller i styret. For å kunne gjere vedtak i styret må styrets leiar eller nestleiar og minst to styremedlemmer eller deira vara vere til stades. Varamedlemmer skal innkallast og har høve til å vere tilstade på styremøter, men har berre stemmerett når dei representerer fråverande styremedlem. Styremedlemmene får ikkje godtgjersle for styrearbeid.

Styrets oppgåver:

- sørge for effektiv og fagleg relevant drift ved å fylgje opp formålet i § 2 og årsmøtevedtak i samarbeid med dagleg leiar
- utarbeide årsmelding og årsrekneskap til årsmøtet
- utarbeide budsjett og handlingsplan til årsmøtet
- sjå til at det blir søkt om økonomiske tilskot og bidrag
- tilsette dagleg leiar

D. Dagleg leiar.

Dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta, oppfylging av brukarar og hjelparar. Fylgje opp vedtekne handlingsplanar, økonomi, budsjett, styrevedtak og vere sekretær for styret. Medverke til å utvikle sentralen i samarbeid med styret i samsvar med formålet i § 2 og innanfor Stortingets vedtekne retningslinjer for frivilligsentralar.

§ 4. Vedtektsendring.

Endring av vedtektene kan berre gjerast på ordinært årsmøte eller ekstraordinært årsmøte, etter å ha vore på saklista i innkallinga, med 2/3 fleirtal.

§ 5. Oppløysing.

Oppløysing av Seljord Frivilligsentral skal handsamast av årsmøte og krev 2/3 fleirtal. Det som måtte vera av verdiar ved oppløysing skal gå til formålet.